

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 1

Februar 2021

Årgang 87 år



Det vart jul likevel side 3

Foto: Jan Ole Høyby Hansen



**I uniform og i skinnjakke -
musikk uansett**
S. 4-5



Vått og flott!
S. 6



BARNESIDA
S. 7

På grunn av korona-pandemien er mykje av kyrkja sine arrangement framover usikre. Følg med på Fusa sokn si Facebook-side, i lokalpresse og andre kanalar for oppdatert informasjon i tida som kjem.

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Ass. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Dagleg leiar

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusopplæring

Stefan André H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

«Som han brukte å gjera»



Sokneprest
Einar Ekerhovd

Vi er i openberringstida i kyrkjeåret no. Her møter vi tekster som viser oss kven Jesus er. På første søndag i openberringstida møtte vi fortellingen om Jesus som tolvåring i tempelet. (Lukas 2, 40-52) Den einaste fortellingen som vi kjenner frå hans barndom og overgang til ungdom.

I denne fortellingen blir vi kjent med Jesus som sant menneske og sann Gud. Han var som gutar flest, men samtundes var han visdomen frå Gud. Ikkje til å undrast over at dei skriftlærde var full av beundring over denne gutens kunnskap, kjennskap og innsikt til å stille skarpskodde spørsmål.

Men det var ikkje dette som talte mest til meg då eg las fortellingen denne gangen. «**Kvart år** før Jesu foreldre til Jerusalem i påskehøgtida» sa noko om det regelmessige som skaper gode vaner. Jesus sjølv vaks opp med dette og den regelmessige deltaking i synagogen: «Han kom òg til Nasaret, der han var oppvaksen, og på sabbaten gjekk han inn i synagogen, **som han brukte å gjera.**» (Lukas 4,16) Andre stader les vi at han ofte trakk seg unna for å vere åleine i bøn og søke felleskap med Far.

Det åndelege livet vårt treng næring regelmessig. Å bygge gode åndelege vaner krev repetisjon. Å bygge ein levande åndeleg praksis krev gjentagelse. Dag etter dag, veke etter veke, år etter år fortsetter vi med å lesa Guds Ord, be, feira dei kristne høgtider mellom anna. Når gode vaner vert etablert og gjentatt, så bygges åndeleg karakter over tid.

Det vi fokuserer på som viktig set vi av tid til å få gjort. Den som driv med idrett må gjere nokre prioriteringar som tar ein vidare. Den som har familie og små born må leve annsleis og prioritere annsleis enn meg som bestefar. «Alt har si tid» står det i forkynnaren, men noko står gjennom alle tider. Det er vårt forhold til Gud.

Eg vil oppmuntre sterkt i tida som kjem til å sette av regelmessig tid til å søke Herren. Det gjeld både som person og som fellesskap. Noko kan gjerast åleine; som å lese i bibelen eller ha ei stille stund. Andre ting må vi gjere saman. Kristen tru er fellesskap og derfor er det viktig å få inn gode vaner som viser at vi prioriterer dette fellesskap. Ikkje minst for eigen del. Jesus hadde skjønt dette og skapte gode vaner for seg og sine etterfølgjarar.

Det trengs like mykje i vår tid. Faktisk meir. Det er så mykje som vil ta vår merksemd bort frå dette. Vi kan ikkje berre leve digitalt, vi må også leve horisontalt og vertikalt. I møte med kvarandre og, ikkje minst, i forventning til eit Guds nærvær i våre liv og fellesskap. Han var inne på noko Jesus då han sa: «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal det få alt det andre i tillegg». Det handler om prioritering og bygge gode vaner. Ingenting kjem av seg sjølv.

Einar Ekerhovd, Sokneprest



Det vart jul likevel....



Foto: Jan Ole Høyby Hansen

Det er med stor takksemd - til Gud og menneske - at me ser tilbake på samlingane i og utanfor kyrkjene på Fusasida julafta 2020. Ved hjelp av kreative løysingar, fleksible tilsette og frivillige - og ein sporty kyrkjelyd - vart det ein minnerik start på julefeiringa i dei fem krinsane.

I Strandvik kyrkje og på bygdaheimen på Holmefjord vart det skipa til julaftans-gudsteneste i festpynta lokaler, det vart songe julesongar og gode ord til å ta med inn i feiringa i heimane vart forkynt av lek og lærd.

Ved Sævareid kapell, Sundvor kyrkje og Hålandsdalen kyrkje takka me for bønnesvar ved å arrangere utegudstenester. Kvar søndag ber me under forbøna for «godt og tenleg vær.» Julafta var vëret særdeles godt og tenleg. I søre Fusa møtte det opp ein god gjeng på kvar av gudstenestene, og nær 120 stk. fann vegen til Hålandsdalen. «Ei magisk oppleving» vart det kviskra då me forlot Hålandsdalskyrkja etter endt gudsteneste, ei gudsteneste som inneholdt dei kjente og kjære julesongane - stødig akkopagnert av Hålandsdalen musikklag - skodespelar Anders Eide leste juleevangeliet, Camilla Aarseth og underteikna song, det var andakt og ikkje minst nærkontakt med kyrkjeklokkene traktert av kyrkjetenar Terje Rød. Denne julafta vart det 130. gang det vart ringt med klokkene i Hålandsdalen kyrkje: Kyrkja vart vigsla 20. november 1890, og kvar jul sidan har klokkene ringt jula inn, mellom kl. 17-18, etter endt julegudsteneste. Visste du forresten at klokkene i ei kristen kyrkje vert rekna som musikk-instrument og skal tena det liturgiske livet? Hovudformålet til klokkene er å forkynde til Guds ære- dei skal peike oppover slik som også kyrkjespiret gjer. Ære til Gud for at me fekk starte julefeiringa i kyrkjene våre også i 2020.

Norunn Rød Markhus



Miriam og Sofie Sundfjord bidrog ved vakker duett på juleaftan ved Sundvor kyrkje. Foto: Harald Geir Sæther.



Hålandsdalen Musikklag leia salmesongen ved Hålandsdalen kyrkje. Foto: Hans Einar Markhus.



I uniform og i skinnjakke - musikk uansett

Den kvelden eg kontaktar Aksel Henning for å spørja om han vil stilla til intervju, er han med Opera Bergen i Grieghallen. Seinare i veka, når me møtest for å prata, skal han vidare til kulturskulen i Strandvik.

Slik er kvardagen til musikaren Holdhus, frå «Cavalleria Rusticana» i digre konsertlokale til «Bjørnen søv» med enkeltelevar, og alle oppdrag er kjærkomne. «Eg blir like glad når for eksempel ei mor ringjer og lurar på om det er plass til dottera i kulturskulen, som når Opera Bergen eller Opera Nordfjord ynskjer å ha meg med i ei ny oppsetting,» seier han. «Undervisning og utøving går hand i hand. Det eine støttar det andre.»

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge

Talent

Aksel har vore instruktør i kulturskulen sidan 1997, to år etter ordninga starta her i kommunen. For tida har han rundt 40 elevar, alle på piano eller keyboard, same instrument som han sjølv var elev på for om lag førti år sidan, i noko som kan kallast ein forløpar til kulturskulen. På 70-talet var det lokale krefter som arbeidde for å få kompetent musikkopplæring i Fusa. Dei fekk tak i tsjekkiske Camilla Hlinka som nyleg hadde slått seg ned på Askøy saman med ektemannen Jiri. Heile sitt liv har dei to spelt piano og dyrka fram unge musikarar, slik også Aksel gjer no. «Alle har noko musikalsk i seg,» seier han, «og det finst så mange slags talent. Éin kan vera god til å lesa notar, ein annan spelar best etter gehør, men det store spørsmålet er: Har du talent for å øva? Det viktigaste er nemleg viljen til å skapa musikk.»

«Det er berre tull, det nokon seier, at dei ikkje kan syngja. Dersom nokon ikkje syng, er det ikkje fordi dei ikkje kan, det fordi dei ikkje vil eller vågar.» Heilhjarta støttar han alle «Jeg kan ikke syngje»- og «Alle kan syngje»-kora som har poppa opp rundt om i landet dei siste tiåra, og med dette avslører Aksel at han har minst eitt fellestrekk med Michael Jackson, for også han skal ha sagt at «Det å leva er å vera musikalsk. Det byrjar med blodet som dansar rundt i årane dine.»

Nett dans har ikkje Aksel undervist i, men han har hatt elevar både i slagverk og messinginstrument, i tillegg til piano og keyboard, og han har vore dirigent både for kor og korps. Han synest ikkje å vera eit menneske som driv og set opp ti-på-topp-lister over saker og ting – alle oppdrag er like viktige, og ikkje ein einaste gong i løpet av samtalen vil han setja nokon komponist eller noko verk framfor andre –, men éin gong i livet var han fint nøydd til å rangera. Det var då han skulle byrja på gymnas og søkte på musikklinja ved U. Pihls skole i Bergen. Kva skulle vera hans primærinstrument, og kva hans sekundære?

Trompeten

Akkurat dette valet var enkelt: Det var trompeten han sette øvst! Messing og korpsliv hadde prega oppveksten hans mest. «Ved sida av pianoundervisninga tok eg nemleg trompettimar med musikaren og osingen Karl Ole Midtbø, og heile familien min var med i Sævareidfjorden musikklag. Blåseinstrument er jo mykje meir sosialt enn pianoet som ein oftast blir sitjande åleine ved.»

I tillegg kjem ei rekkje praktiske fordelar med den hendige trompeten. «Eg kan pakka han ned i ein liten kasse og ta han med meg jorda rundt om det trengst, rett inn i bagasjehylla på flyet. Eg slepp den uroa som kontra-



Aksel Henning Holdhus.

bassistane har under heile reisa: Blir det dyrebare instrumentet handsama varsamt nok til og frå spesialbagasjeavdelinga? Og pianistane, som ikkje kan ta med seg instrumentet sitt i det heile, møter eit heilt ukjent piano når dei entrar konsertlokalet. Eg veit kva som møter meg når eg opnar trompetkassen.»

Bergen er den staden Aksel oftast tar med seg trompeten sin for å opptre. Det har ikkje vore like mange turar i 2020 som i eit vanleg år; til gjengjeld er musikkopplevingane ganske ekstraordinære når dei fyrst kjem i stand. Som den Opera Bergen kunne tilby 1. desember. Av dei 1610 sitjeplassane Grieghallen rommar, var det 20 det sat eit menneske på. «Den kvelden kunne me trygt skryta av at salen var utseld!»

Eit anna orkester Aksel har hatt engasjement med i over tjue år, er Sjøforsvarets Musikkorps. Det er eitt av Noregs fem forsvarsorkester og har base på Bergenhus. Saman med dei har han vore med på ei rekkje høgtidlege seansar med militære helsingar og kustus, både som vikar i korpset og ved ulike solistoppdrag. Like før jul måtte dei avlysa ein kyrkjeeparade på grunn av smittevern, men Aksel er rimeleg sikker på å få oppdrag der igjen. «Eg er nemleg ein av dei musikantane

som har fått med meg uniforma heim. Det gjer jo logistikken litt enklare – også for orkesteradministrasjonen – når eg kan troppa opp ferdig kledd.»


Sjansespel

I høve til slike store orkester har Aksel Henning busett seg ein smule avsidis. Det var eit sjansespel å koma tilbake til Fusa på 90-talet og slå seg ned som muskar og gardbrukar på Holdhus. Han kom då frå Kristiansund der han hadde vore fylkesmuskar i Møre og Romsdal samt lærar på vidaregåande skule – eit solid levebrød. Ville det vera mogleg å leva av musikk også her på landsbygda?

Ja, så sanneleg var det det. Det gjeld å knyta kontaktar i mange retningar, vera litt Framfus, som kunstnargruppa Aksel er ein del av, kallar seg. Vidareutdanninga i *Administrasjon og ledelse* ved Norges Musikkhøgskole i Oslo kjem vel med når han planlegg og skaper nye prosjekt, enten på eiga hand eller i eit større fellesskap. Aksel nemner her samarbeidet med kantor Iman de Zwarte som svært gjevande og utbyterikt. «Same kva melodi eller verk folk ynskjer seg, er det mi eller vår oppgåve å finna ut korleis eg eller me kan gjera dette stykket fint, slik at det passar til akkurat dette publikum, denne hendinga, i dette lokalet. Folk møter gjerne kjente melodiar med visse forventningar; eg likar av og til å gje dei noko dei ikkje ventar seg òg, slik at dei kanskje hugsar hendinga og musikken betre.»

«Skiskyttar-marsj»

Med så mange roller og oppdragsgjevarar blir det ei brokete sjølvmelding å setja saman kvart år, og i tillegg til skogbruksinntekter, lærarlønn og enkelthonorar, er det endå ei inntektskjelde som Holdhus må finna den riktige skjemaposten for, nemleg godtgjersla han får frå musikken han sjølv har komponert. Kvar gong nokon har spelt musikken hans i tilstellingar, skal han – dersom arrangørane gjer papirarbeidet sitt etter lov og rett – få eit lite vederlag frå TONO, selskapet som forvaltar framføringsrettar til musikkverk.



Holdhus sitt mest kjente verk er ein marsj han skreiv til det store jubileumsåret 2006 i heimbygda. Då feira Holdhus skule sine 50 år, Holdhus barnehage sine 30, og Hålandsdalen musikklag sine 25. Sjølv om ikkje Hålandsdalen idrettslag offisielt markerte sine 67 år i same slengen, er det mykje som tyder på at feiringa var prega av lokal sportsånd. Det spesialkomponerte verket vart nemleg heitande «Skiskyttar-marsj»,

og nokon kvar vil nok vedgå – til og med lærarar og dirigentar – at det er meir futt i det namnet enn i alternativa: «Skule-marsj» eller rett og slett «Musikklag-marsj».

Det er ein skikkeleg sprek marsj hålandsdølingane har fått her. Den kvikke takten gjer berre ein heilt nødvendig pause når dei fem skota skal fyrast av midt i. (For ordens skuld: Det er her tale om musikalske skot, ikkje noko meir enn det.)

Det er ergerleg at det ikkje er råd å leggja til lydfiler i kyrkjebladet, for då skulle alle fått høyrte marsjen slik han vart spelt ute på skuleplassen med Aksel som dirigent. Viss du har dvd-spelar, kan du likevel få med deg seansen. Feiringa vart filma, dvd'en «Jubileumsåret 2006» vart gjeven til Fusa folkebibliotek (no Bjørnafjorden bibliotek, avdeling Eikelandsosen), og så sant ingen har lånt eller stelt han, er han tilgjengeleg på lokalsamlinga der.

For sjølv om verda går i ein litt saktare takt nett no, og dei store tilstellingane uteblir, er det ingen grunn til setja musikken på pause. Den er jo like vedunderleg same kor fælt eller usikkert livet er. Aksel Henning ser fram til kvar ny speleøkt – saman med éin eller to eller tjue. I løpet av 2021 blir det vonleg folkerike, fysiske konsertar igjen, både med kulturskuleelevar og med Opera Bergen. Men då blir det nok også vanskelegare å få Grieghallen utseld.

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER

SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tif. 90 80 15 38

 **HERBALIFE**
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !
Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169
SIGNE GANGSTØ
E-post: famgang@fusi.no
www.signeg.goherbalife.com/nn-no



Vått og flott!

Når alle dei sedvanlege julekonserterne rundt omkring i Fusa-kyrkjene ein etter ein vart avlyst på grunn av pandemien, fekk sokneprest Einar ein lys idé: Me lagar til ein utandørs julekonsert, for då er det lov til å samla ganske mange folk! Og viss me får med oss ein god blanding av amatørar og profesjonelle Fusa-musikkarar, så blir det heilt knall!

Underteikna synest tanken var god og responderte: Viss du ordnar finansieringa så går me for dette. Finansieringa kom på plass. Og med gode sponsorar som Eide Fjordbruk, Tombre, Femanger Laks, Leigland Bygg, L. Hjertnes og Fusa Auto i ryggen vart det utekonsert i vind og regn. Men med flott julestemning!

Dei 115 frammøtte fekk stemningsfull trompetmusikk frå Helge Haukås, vakre julesongar frå Victora Bakka, synga felles julesongar akkompagnert av Hålandsdalen Musikklag og Soknebandet og ikkje minst ein god dose amerikanske juleslagarar servert av Håvard Skåtun Band.

Takk til alle som var med på å skapa julestemning ved Fusa kyrkje på vetle-vetle julaftan. Dette var kjekt!

Hans Einar Markhus



Foto: Hans Einar Markhus.



Foto: Hans Einar Markhus.



Foto: Hans Einar Markhus.



Foto: Gjøa Sveinsdotter-Holmefjord.



Foto: Gjøa Sveinsdotter-Holmefjord.

NOAH

Friluftsklubben for gitar 5. til 8. klasse - startar opp att når det vert opna opp att for organisert aktivitet for barn og unge. Det vil bli sendt ut info når klubben startar att.

I mellomtida er skogen og naturen - Guds skaparverk, alltid open for alle. Bruk den!

Leiargruppa



Musikk fra livet begynnelse

Planen er egentleg at Babysong (Musikk fra livet begynnelse) startar opp att den 10. februar. Akkurat no er det litt usikkert grunna pandemien, men du får gjerne melde deg på via sms (mob. 955 29 630) så held vi kontakten. Eg håpar inderlig vi kan koma saman og kosa oss med sang, dansing, lek og myke latter.

Petra Dahlström



Følg oss på facebook - Fusa sokn

Vi er til hjelp for deg og de nærmeste i tiden etter at en nær slektning eller venn har gått bort. Du skal vite at du kan kontakte oss når som helst, dag eller natt. Vi har alltid tid til å hjelpe deg!

En verdig og trygg avskjed



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (inng. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no



BARNESIDA

Godt nytt år, alle born og for-eldre. Vi satsar på at 2021 blir eit vakkert år der vi får møtast igjen. Vi lengtar etter å tulle og tøyse, feire gudste-

neste saman og syngje og danse. I Romarane 8 kan vi lese at ingenting «skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre». Det får vi stole på. Guds

kjærleik til oss er konstant og han har gitt oss alt i Jesus. Gud er for oss, kven er då imot oss?

Stefan André Svendsen og Petra Dahlström

Noahs ark

I 1. Mosebok 6,9-9,17 kan vi lese om Noahs ark. Folk gjorde det som var galt og gløymde Gud, utanom Noah. Noah var en god mann som elska Gud. Gud var lei seg og ville starta på nytt. Han bad Noah om å byggja ein båt, ein ark. Noah gjorde som Gud sa og bygde ein ark. Han tok med seg familien sin og to av kvart dyr inn i arken. Då det begynte å regne var alle i arken trygge. Etter ei stund landa arken på eit fjell. Noah og familien hans kom ut av arken og takka Gud for at dei vart berga. Gud velsigna Noah og sette en vakker regnboge på himmelen. Regnbogen vart eit teikn på det løfte Gud gav til Noah; at han skulle velsigna jorda og aldri oversvømme den igjen. Gud sa til Noah at når regnbogen syner seg vil han koma i hug løftet sitt, løftet som òg gjeld deg og meg.

Hva er likskapen mellom Noahs ark og korona-pandemien?

Det finns mange likskapar mellom Noahs ark og korona-pandemien. Ein naturkatastrofe som var utanom menneska sin kontroll kan likna på korona-pandemien. Alle på båten var isolerte og kanskje har du vore eller kjenner nokon som har vore i karantene eller isolasjon i det siste? Gud gav eit løfte til Noah og sette ein regnboge på himmelen som eit teikn. Regnbogen får vera eit symbol for håp og lengt etter ein lysare morgendag. Du har kanskje teikna ein regnboge og skrive "Alt blir bra". Vi veit ikke kor lenge korona-pandemien begrensar oss, men eit veit vi: At Herren alltid er nær oss. Herren er den same uansett kva som skjer.



Noah stolte på Gud i uvissa, det same får vi gjera. Noah og familien hans prisar og takka Gud for at han er trufast. På same måte får vi takke Gud. Kvar gong du ser en regnboge skal du hugsa kva Gud sa til Noah; at han har velsigna jorda og skal aldri øydeleggja den igjen. Slik som Noah skal vi passe på jorda og alt den rommer av mennesker, dyr og planter. La oss, som Noah, elska Herren og væra han trufast. Du må gjerne teikne Noahs ark eller ein regnboge og sende bilde til Petra (mob. 955 29 630, pd864@kyrkja.no). Ser du nokre likskapar mellom Noahs ark og korona-pandemien? Premie kjem i postkassen 😊.

Petra Dahlström

KONKURRANSE

SEND INN svara på desse spørsmåla til 98421117 og bli med i trekninga av ein forundringspakke 😊

1. Kvar blei Jesus fødd?
2. Kven var mamma til Jesus?
3. Kven er far til Jesus?
4. Kva dato feirar vi Jesus fødselsdag?
5. Kor mange læresveinar hadde Jesus?
6. Kven av Jesus sine læresveinar var tollar?
7. Kva yrke hadde Peter og Andreas?

Bella og Pr.Proffs sjokoladeboller

- 120 g havregryn
- 120 g sukker
- 50 g romtemperert smør
- 50 g kakao
- 3 ss kald kaffi

Ha alt i ein bolle, bland godt. Trill ut til små kuler som du ruller i kokos til slutt. Sett kulene kaldt. **Superlette å lage, lykke til!!**



DÅRLEGE VITSAR



Har du høyrte om brannmannen som slutta i jobben fordi han var redd for slangar?

To fiskar var ute og svømte då det begynte å regne.

Då sa den eine:

- Kom, vi sým under den brua der så blir vi ikkje våte.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?

Svar: Dei tek stikk-prøver.

- Pappa har begynt på bakekurs. I går lærde dei å baka bollar.

- Blei bollane fine?

- Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.



INFORMASJON om gravformer og kva som skal skje på gravplassane i 2021

Tekst og foto: Assisterande kyrkjeverje
Harald Geir Sæther

Skal ein velje kremasjon eller kistegravlegging?

Dette spørsmålet vert meir og meir aktuelt fleire stadar kring i Noreg. For nokre år sidan var det t.d. i Os sokn uvanleg med kremasjon. I 2021 var kremasjonsprosenten overkant av 60%. Vi ser teikn på at kremasjon vert meir vanleg også i Fusa sokn, og i 2020 hadde vi 32 tal gravleggingar i soknet der 8 var urnegravleggingar. **Vi oppmodar alle om å tenkje gjennom om kremasjon kan vere aktuelt.**

Vi oppmodar om at folk vel bisetting og kremasjon. Kvifor det?

Ein ser at meir og meir areal går med til gravplassar. Ei urnegrav tek halvparten av arealet til ei kistegrav, og det er plass til fire urner i ei urnegrav. Det er ei effektiv gravform, og den er heilt vanleg i mange kommunar, særleg dei større.

Kostnader i ettertid

Når t.d. ein person dør og attlevande ektefelle/sambuar reserverer ei grav ved sidan av kjem det umiddelbart høge kostnader for attlevande. Å reservere ei grav koster i 2021 kr.12.360,- for tjue år. Fornyng av gravfeste har også høge kostnader for etterkommarane. Tek ein i bruk ei urnegrav, er der ledig grav ved sidan av, og der er ingen kostnader for attlevande før etter 20 år etter siste urnegravlegging. For etterkommara- ne vil det difor både vere ei rimeleg ordning og også ei praktisk betre ordning å handtere ei urnegrav enn ei kistegrav.

Kor har vi urnegraver i Fusa sokn i dag?

Urnegraver i dag har vi på Aakre



gravplass (nokre ledige att), på Fusa Vest, i Hålandsdalen på Eide, og på det nye gravplassområdet i Sævareid. På Holdhus er det kun høve til urnegravlegging, og det er berre nokre familiar som har tilnag til den denne gravplassen. Det vil bli arbeidd for å få urnefelt på fleire gravplassar kring i Fusa sokn.

Kremasjonsavgifta vert ikkje dekka

Kommunen dekka kremasjonsavgifta t.o.m.2020, men dette fall bort frå 2021 av. Det er difor ein kostnad med sjølv kremasjonen, men ser ein økonomisk på det så er det likevel gunstig med urnegrav.

Arbeid på Hålandsdalen kyrkjegard, Eide, i 2021 og 2022

Av større tiltak som skal prioriterast i Bjørnafjorden i 2021 og 2022 er å leggje til rette for nye graver på Eide i Hålandsdalen. Her vurderer ein gjenbruk av eldre graver. Ein kjem tilbake med meir informasjon om dette seinare i 2021.

Opprusting av Hålandsdalen kyrkje i 2021

Med atterhald om budsjettdekning skal vakre Hålandsdalen kyrkjegard rustast opp i 2021. Ein skal male deler av kyrkja, sjekke tak, takrenner, kledning og vindauge m.v.



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



STRANDVIK

Transport og Maskin AS

* 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592



Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund
Tlf. 97 59 24 88
E-post: post@nhstrykk.no
Alt i trykksaker

SPAR

Fusa

Man-fre **8-21**

Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**
E-post: firmapost@alfhjelle.no

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSØSEN

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS

5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S

BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no





Tønnegarden



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.

  Følg oss på facebook og instagram.



Tombre

www.tombre.no

SPAR 

Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Fusa og Samnanger

GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

 **Fusa
kraftlag**

5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest





avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no

 Hordaland A/S
Rørteknikk / S 

 56 58 09 90  hordalandrorteknikk.no
 post@hrt.as  Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.



Gudstenester i Fusa sokn

07.02.2021 - 05.04.2021

| Dato | Kl. | Stad | Gudstenesteform | Kyrkjeåret |
|----------------|-------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| Februar | | | | |
| 07.02. | 11:00 | Sundvor kyrkje | Gudsteneste | Kristi forklåringsdag |
| 07.02. | 19:00 | Fusa kyrkje | Kveldsgudsteneste | Kristi forklåringsdag |
| 14.02. | 11:00 | Eikelandsosen bedehus | Familiemix | Fastelavenssundag |
| 21.02. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | 1. søndag i fastetida |
| 21.02. | 16:30 | Sævareid kapell | Gudsteneste | 1. søndag i fastetida |
| 21.02. | 19:00 | Eikelandsosen bedehus | Ungdomsteneste | 1. søndag i fastetida |
| 28.02. | 11:00 | Hålandsdalen kyrkje | Gudsteneste | 2. søndag i fastetida |
| 28.02. | 16:30 | Strandvik kyrkje | Gudsteneste | 2. søndag i fastetida |
| Mars | | | | |
| 07.03. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | 3. søndag i fastetida |
| 07.03. | 16:30 | Sundvor kyrkje | Gudsteneste | 3. søndag i fastetida |
| 14.03. | 11:00 | Eikelandsosen bedehus | Familiemix | 4. søndag i fastetida |
| 21.03. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | Maria bodskapsdag |
| 21.03. | 16:30 | Sævareid kapell | Gudsteneste | Maria bodskapsdag |
| 28.03. | 19:00 | Sundvor kyrkje | Familiemixgudsteneste | Palmesundag |
| April | | | | |
| 01.04. | 19:00 | Strandvik kyrkje | Kveldsgudsteneste | Skjærtorsdag |
| 02.04. | 11:00 | Sævareid kapell | Gudsteneste | Langfredag |
| 03.04. | 23:00 | Hålandsdalen kyrkje | Midnattsgudsteneste | Påskeaftan |
| 04.04. | 11:00 | Fusa kyrkje | Høgtidsgudsteneste | 1. påskedag |
| 05.04. | 12:00 | Hafskorvatnet | Friluftsgudsteneste | 2. påskedag |

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå KYRKJEBØKENE



Dåp

Strandvik kyrkje

15.11.2020 Ida Kristine Reiertsen Tholo
22.11.2020 Gunhild Daltveit Osebakken



Gravferd

Sundvor kyrkje

20.11.2020 Mons Nordtveit, f. 31.12.1924
29.12.2020 Helga Baldersheim, f. 15.05.1929
07.01.2021 Bjørg Vågenes Tveit, f. 06.08.1931
14.01.2021 Ida Aarvik Hjertnes, f. 10.11.2010

Fusa kyrkje

24.11.2020 Borghild Kolle, f. 20.07.1929
27.11.2020 Evelyn Holmefjord, f. 10.12.1930
01.12.2020 Asbjørg Holme, f. 05.08.1953
17.12.2020 Aslaug Einy Gravidal, f. 11.03.1929
05.01.2021 Gisle Havsgård, f. 22.04.1933
20.01.2021 Wincentz Osebakken, f. 25.04.1925

Strandvik kyrkje

03.12.2020 Inger Dalland, f. 04.08.1928
12.01.2021 Anna Tuft, f. 24.05.1932
19.01.2021 Hans Vindenes, f. 09.03.1930

Hålandsdalen kyrkje

10.12.2020 Svein Rød, f. 02.03.1953
22.12.2020 Olav T.Aarra, f. 01.04.1921



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Kveldsbibelsku- le og Bibel, Bøn og Lovsongs- kveldar



Soknet har ein plan om samlingar på Eikelandsosen bedehus annakvar onsdag utover vinteren og våren. Dette blir i oddetalsveker, og så held ein fram med bønesamlingar i partalsveker.

Det er sett opp undervisningskveldar desse onsdagane kl. 19.00: 3. febr, 3. mars, 14. april, 12. mai, 9. juni. Det er sett opp Bibel, Bøn og Lovsongskveldar desse onsdagane kl. 19.00: 17. febr, 17. mars, 28. april, 26. mai.

Bønesamlingane er altså onsdagar i partalsveker kl. 17.30 i Hålandsdalen kyrkje, Foer Bedehus, Eikelandsosen bedehus og Nordtveit bedehus.

I tida som kjem er det viktigare enn nokon gong å koma saman – saman med kvarande, i den grad det let seg gjera, og saman med Gud – DET let seg gjera. Fellesskapet med Gud og kvarandre er kjerna i kyrkjelyden. Så viss korona-situasjonen tillet det, er alle velkomne til desse samlingane.

Velkommen til dåp

I desse koronatider når gudstenester blir både nedskalerte og avlyste, kan det synast utfordrande å få til dåpshandling. Men me finn løysingar! I desse tider gjennomfører me fleire eigne dåpsgudstenester for eit og eit dåpsbarn. Den til ei kvar tid gjeldande korona-forskrifta styrer korleis me kan gjennomføra dåp, anten det blir i enkeltstående dåpsgudstenester eller inkludert i dei oppsette gudstenestene. **De er velkomne til å ta kontakt med oss på kyrkje-kontoret viss de ynskjer dåp, så finn me ein veg saman!**

Takk for gåver i 2020!

Fusingar er flinke til å gje gåver! Det ser me i kyrkjelyden, anten det er til vårt eige – som trusopplæring, kyrkjelydsarbeidet eller kyrkjene, eller det er til andre organisasjonar via offer på gudstener eller særskilde innsamlingar og overskott frå Bruktbua. Meir enn 800 000 kr. er det blitt. **Takk!**

Her er ein oversikt over fordelinga av gåver som er komne inn til og gjennom Fusa sokn frå jul 2019 til jul 2020:

Interne føremål:

| | |
|---------------------------------|----------|
| Trusopplæring barn og unge..... | 168443,- |
| Kyrkjebladet | 78766,- |
| Kyrkjelydsarbeidet | 14578,- |
| Diakoni | 40400,- |

Våre eksterne prosjekt:

| | |
|---------------------------------------|----------|
| CBWCF – Brannskadde barn Etiopia..... | 408460,- |
| Elevstipend Tabor Etiopia..... | 15094,- |

Eksterne føremål:

| | |
|---|---------|
| YWAM v/Helga og Rod Lobaugh..... | 6130,- |
| Stefanusalliansen | 8304,- |
| Norsk Luthersk Misjonssamband | 8446,- |
| Det Norske Bibelselskap | 3141,- |
| Kirkens SOS Bjørgvin | 1095,- |
| Den Norske Israelsmisjon..... | 2000,- |
| Kirkens Bymisjon i Bergen | 2833,- |
| Mercy Ships Norge | 1853,- |
| MF Vitenskapelige Høyskole | 2145,- |
| Landsforeningen mot seksuelle overgrep | 1147,- |
| Kristen Idrettskontakt..... | 2293,- |
| Sjømannskirken – Norsk Kirke i utlandet | 1245,- |
| Strømmestiftelsen | 1344,- |
| Barnevakten..... | 780,- |
| Stiftelsen Kirkens familievern | 710,- |
| Blå kors Bergen | 1354,- |
| Ungdom i Oppdrag..... | 1119,- |
| Kirkens Nødhjelp | 2540,- |
| Fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) | 71000,- |
| Flyktningehjelpen..... | 1738,- |



Det var skulegudsteneste før jul i ei av Fusa-kyrkjene. Presten var i slag og var komen langt inn i jule-evangeliet. Han hadde teke med seg ein plansje som viste stallen i Betlehem. Han synte den fram og fortalde ivrig til dei lydhøre skulebarna. Han fortalde om englar, gjetarar og Betlehem. Og han la stor vekt på kor fattige Josef og Maria var; at Jesus måtte verta fødd i ein stall! Då kom det spontant frå ein av ungene: «Men råd til å fotografera seg, det hadde dei!»